



MØTEBOK

Tidspunkt: Tysdag 22 oktober kl 1800

Stad: Akademiet

Desse møtte:

Jarle Nordjordet, Marit Jortveit, Halvor Fehn, Lena Romtveit (vara for Marit Kåsa), Tor Aage Dale

Meldt forfall: Marit Kåsa

Andre til stades på møtet:

Sveinung Olsnes, sekretær

Saker til styremøtet:

Sak 10/19: Referat og meldingar

Sak 11/19: Oppsummering av reinsjakta

Sak 12/19: Orientering om økonomi

Sak 13/19: Oppsummering av rjupejakta

Sak 14/19: Plan for 2020, økonomi, tenestekjøp

Sak 15/19: Orientering frå sekretær, aktuelle saker

Sak 16/19: Eventuelt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet

Marit Jortveit/s/ Jarle Nordjordet/s/ Halvor Fehn/s/

Lena Romtveit/s/ Tor Aage Dale /s/

Sak 10/19: Referat og meldingar

Saksdokument:

2019.02.22-011.7.1.Røldal Fjelsltyre-INnspeil Ordningar villreinjakta 2019
2019.02.28-001.6.NINA-Tillatelse til merking av villrein i 2019
2019.03.15-HG-Årsmøteinncalling
2019
2019.04.23.001.5.Utvalet-Kvoteanbefaling HV 2019
2019.04.30.001.1.Mdir-Avgjørelse av søknad om dispensasjon fra hjorteviltforskriften § 29
2019.04.30.001.1.Mdir-Høring på endring av jakttid for villrein 2019 og 2020
2019.06.12.001.1.Mdir-Informasjon om endring av jakttider på villrein i Hardangervidda 2019
2019.09.11.001.1.Mdir-Håndtering av fotråde 2019 (003)-vj

Saksutgreiing:

Forslag til vedak:

Referat:

Gjennomgang ved sekretær

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 11/19: Oppsummering av reinsjakta


Saksdokument:

Sakssutgreiing:

Det vart felt 14 dyr (ca 27%) av korta som vart utdelt frå Rauland FS i år. Av korta innkjøpt frå Ulvik SA vart det felt 3 dyr. Nærmare halvparten av dyra som er felt er felt andre stader enn Rauland SA. I tillegg er det sleppt innpå totalt 8 utanbygds jegerar og det er 13 innanbygds som har betalt for å ta med seg kort inn. Det har ikkje kome meldingar om problem med jegerkonsentrasjonar i år.

Det var dyr forbi Rauland SA fleire gonger i løpet av jakta, men hovudtrekket gjekk nok sør for terrenget ned mot Songa. Posisjonar frå GPS merka simler i heile jakta gjev dette biletet for Rauland SA:





Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang ved sekretær

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 12/19: Orientering om økonomi

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

Budsjettet for 2019 vart vedteke med ca 50 000 i pluss. I budsjettet ligg det til grunn sal av rjupejakt for 50000, reinskort 150 000, fiske 9000 og hytteleige



50 000. Det er no seld rjupejakt for 49 000, reinskort for 160 000 pluss ca 15 000 i overføringskort og fiske for ca 15000 (atterhald om fellesfiskekortet). På bakgrunn av dette er det forventa at ein ikkje får store avvik i budsjettera inntekter i 2019. Når det gjeld kostnadssida har det heller ikkje kome til noko som tilseier at ein får store avvik her. Samla sett bør ein kunne forvente noko høgare overskot enn budsjettet tilseier for 2019.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang ved sekretær

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 13/19: Oppsummering av rjupejakta

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

Fjellstyret vedtok og vidareføre same opplegg rundt småviltjakta som i fjor. Det vart bestemt at det skulle kunne selgjast jakt til maks 15 jegerar kvar dag. Dette vart løyst med å tilby vekekort til 15 jegerar fyrste jaktveke og 15 jegerar andre jaktveke. Etter dette vart det berre seld dagskort med maks 15 jegerar pr dag. I tillegg til dette vart det lagt ut 4 årskort. Fjellstyret er pålagt å ha tilbod om årskort i tillegg til dei to andre kortkategoriane.

Pr 15 oktober var det seld jakt til totalt 49 jegerar (mot 74 same periode i fjor). Av dei som til no har levert fangstrappport (59) så er det 15 som ikkje har jakta i det heile (19 i fjor). Av dei som har jakta er det 1 som ikkje har fått fangst (10 i fjor). Resten har rapportert å ha skote 57 fjellryper (47 i fjor) og 7 liryper (3 i fjor).

Det har ikkje kome meldingar frå jegerar om uheldige konsentrasjonar eller andre tilbagemeldingar.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Gjennomgang ved sekretær

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande



Sak 14/19: Plan for 2020, økonomi, tenestekjøp

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

Det må fordelast oppgåver og arbeid i tråd med tidlegare år.

- Ved, innkjøp og transport

Vedlikehaldsoppgåver:

- Beslag meinsvatn, nye vindski og isbord

Tenestekjøpet har etter budsjettet for 2019 sett slik ut:

tenestekjøp u/refusjon, Fhas	3000
tenestekjøp m/refusjon, Fhas	71000
Samarbeid fjellstyra (inkl villutvalet)	12000

Med dagens økonomi og aktivitetsnivå vil det vere rett å vidareføre dagens nivå på tenestekjøp.

Rauland FS har pr 15 oktober ca 440 000,- på konto. Alle kostnader for 2019 er enno ikkje betalte, men dei store beløpa har gått ut.

Fjellstyret har tidlegare vedteke å ha ein god økonomisk buffer med tanke på usikkerheiten i inntektene i åra som kjem. Både rjupejakt og reinsjakt har utfordringar som ventar i åra framover.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

1. Halvor Fehn får fullmakt til å kjøpe inn ved og anna naudsynt materiell for inntransport til vinteren. Sekretær sender over liste over dei som har meldt seg til dugnadsarbeid.
2. Det må søkjast om nye snøskuterløyver for komande kommunestyreperiode.
3. Det kjem opp forslag om å søkje om å få bygge uthus på Saltpytt og Kostveit. Fjellstyret har tidlegare i sak 03/14 gjort vedtak om dette, men grunna økonomi har ikkje dette vorte gjennomført. Fjellstyret ser at økonomien no kan tillate dette. Det er ikkje tilfredsstillande



lagringskapasitet for ved på Kostveit eller Saltpytt. Det har og vore store problem med lukt frå doen på Saltpytt. Etter forslag frå Jarle Nordjordet så ynskjer fjellstyret å tilby arealet som i dag er vedlager og do på Saltpytt til oppsynsrom for Fjelloppsynet dersom ein får bygge nytt uthus.

Bygging av uthus vil og auke tryggleiken for brukarane monaleg ved at ein får ei form for sikringsbu som ligg noko unda hytta. Slik reglane for lagring av propan er i dag er det heller ikkje mogeleg å lagre meir enn 2 flasker med propan i hytta. Bygging av uthus vil løyse dette problemet og ein vil kome innanfor krava til oppbevaring av propan.

4. Det kom opp innspel frå Halvor Fehn om å setje inn vindaug i gangen på Meinsvatn. Må sjekkast ut noko ift mål og plassering.
5. Beslag, vindski og isbord til Meinsvatn skal utførast komande vinter.
6. Sekretær orienterar om tenestekjøpet. Fjellstyret har ikkje merknader til dette og ynskjer ei vidareføring på dagens nivå.

Vedtak:

1. Halvor Fehn får fullmakt til å kjøpe inn ved og anna naudsynt materiell for inntransport til vinteren. Sekretær sender over liste over dei som har meldt seg til dugnadsarbeid.
2. Sekretær søker om nye snøskuterløyver for komande fireårsperiode
3. Fjellstyret søker om å få bygge uthus på Kostveit og Saltpytt. Uthusa skal vere om lag 2,5 x 4 meter. Sekretær får oppgåva med å sende søknader og søkje om tilskot til dette.
4. Sekretær tek mål av gangen på Meinsvatn og kjem attende til dette på fyste møte på nyåret.
5. Sekretær kjøper inn naudsynt materiell og utfører arbeidet komande vinter.
6. Tenestekjøpet vert vidareført på dagens nivå med justering for prisvekst.

Samrøystes

Sak 15/19: Orientering frå sekretær, aktuelle saker

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

- Ferdsleprosjektet-status
- Orientering om økonomien og planane i Fjellstyra på Hardangervidda as
- Status andre fjellstyre
- Nytt fjellstyre, overgang



- Haustmøte, kven møter for Rauland FS

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Kort orientering om kulepunkta over.

Fjellstyret hadde ingen merknader.

Vedtak:

Fjellstyret tek orienteringa til vitande.

Fjellstyret oppmodar dei som har lyst til å melde seg på haustmøtet i Eidfjord.

Sak 16/19: Eventuelt

Saksdokument:

Ingen

Sakssutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Det kom ikkje opp saker under eventuelt.

Vedtak:

